



Nordhordland Indremisjon
Holtermandsvegen 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: Jostein Dale
Vår: 15/2643 - 15/20566

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:
16.11.2015

Løyve til frådeling - eigedom 23/1 - Elvaåsen

Administrativt vedtak. Saknr: 407/2015

Søknad motteken: 30.09.2015

Søkjær: Nordhordland Indremisjon

Saksutgreiing:

Om søknaden

Det er søkt om å dele ifrå ein parsell på 48 da frå eigedom 23/1. Parsellen er planlagt å nytte til formål i samsvar med godkjent detaljregulering for Elvaåsen.

Planstatus

Omsøkt parsell er omfatta av detaljregulering for Elvaåsen med planID 1256 2011 0003. Området er regulert til bustadområde for konsentrerte småhus med tilhøyrande uteopphaldsareal og infrastruktur.

Nabotilhøve

Søknaden er nabovarsla og her er ikkje motteke merknader i saka.

Tilkomst, vatn og avløp

Når det gjeld tilkomst, vassforsyning og avløp, så gjeld reguleringsplanen med føresegner.

Vurdering:

Omsøkt formål er i samsvar med reguleringsplan, og nødvendig infrastruktur er sikra ihht. reguleringsplan.

Detaljplanen si avgrensinga mot Mjåtveitelva i vest er i utgangspunktet litt dårleg tilpassa langs elva. Dette fordi plangrensa i utgangspunktet er laga noko grov. Av planskildringa går det likevel fram at planområdet skal avgrensast av Mjåtveitelva i vest.

Eigedomsgrensa lyt difor justerast litt langs elva i høve til plangrensa. Dette i samråd med oppmålingskontoret, og slik at eigedomsgrensa vert formålstenleg tilpassa langs elva.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, løyve til frådelling av ny grunneigedom på 48 da frå eigedom 23/1. Eigedomsgrensa skal tilpassast langs Mjåtveitelva i samråd med oppmålingskontoret, og skal elles fylgje plangrensa. Grunngeving for vedtaket kjem fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Løyvet fell bort dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Per Atle Sæle

Mottakere:

Nordhordland Indremisjon

Holtermandsvegen 5918
3

FREKHAUG